
Fra: Trude Bruket <trudebruket@gmail.com>
Sendt: 16. mai 2017 08:05
Til: lindtomt@online.no; Postmottak Lindås
Kopi: Bernt Olav
Emne: Muren som "løftar opp" tomta i Hordasmibakken
Vedlegg: Muren Hordasmibaken under oppføring; Muren
Hordasmibakken.JPG

Til Linås kommune og Lindås tomteselskap.

Me er nærmeste naboar til Hordasmibakken-prosjektet som er under oppføring (Isdalstøbakken 55A på vestsida, rett vis a vis, over Isdalstøbakken).

Då den veldig høge og dominerande muren som "løftar opp" og planerer tomta på eit høgt nivå byrja koma opp fekk me hakeslepp. Etter å ha lest mykje på Lindås sine kommunale byggeføreskrifter (kommunen sitt eige planverk) i samband med ei anna planlagd utbygging framfor oss veit me at denne muren stirr mot kommunen sin byggeskikk, der det står så fint at utbygging skal skje i pakt med (og omsyn til) terrenget. Det står også at bygging i etablerte bustadområder (som vårt) skal ta omsyn til eksisterande bygnadsstruktur.

Denne muren som kjem opp er altså så dominerande at me meiner det skjemmer området. Det at den også er i betong (ubehandla førebels), og ikkje i naturstein gjer at den skjemmer ekstra mykje. Me ynskjer at det vert gjort tiltak som gjer muren mindre dominerande.

Elles vil eg også be om at det vert gjort tiltak med vegen (sjølve Isdalstøbakken, mellom oss og nybygget, pluss i samband med krysset), for å redusera farten til bilistar. Eg såg føre meg at dette var ein naturleg del av byggeprosjektet, men når ein no hevar tomta så mykje over vegen er kanskje ikke tiltak med vegen sett som "nødvendig." Det er mykje stygg køyring i 30-sona vår, også dei som kjem frå toppen av Isdalstøbakken, som "slepper" seg utfor og oppnår fort svært høg fart forbi tomta Hordasmia.

Me vil gjerne koma i dialog med utbyggar og kommune om tiltak både for å gjera muren (og naturinngrepet) mindre dominerande, samt om kva tiltak som vert gjort for trafikksikringa rundt tomta.

Sjå vedlagde bilete for dokumentasjon.

M.v.h. Trude Bruket
Isdalstøbakken 55A
Mobil 97019893